




Kvam kyrkje



Kvikne kyrkje



Skåbu kyrkje



Sørdorp kyrkje

# KYRKJEBLAD

for

## NORD-FRON

Nr. 4 • DESEMBER 2022 • Årgang 67

*Mirakelferd mot evighet, en stall ble fødehem  
I perlefrost går tusener på ny mot Betlehem  
Fattigstjerna lyser vei på himmeln klar og stor,  
i den mørke natta stiger håp om fred på jord.*

*Gry Sveen/Oyvind Sund*

**God Jul**

Foto: Bjørn K. Sletten

# TIL TENESTE

Nord-Fron kyrkjekontor  
Tlf 612 16 290  
Kyrkjeverge og sekretær.  
Grete Bakken  
Tlf 612 16 290

**KONTORTIDER:**  
Kl 09.00-13.00  
og elles etter avtale

**SOKNEPREST:**  
Gunnbjörg Oladottir  
Tlf. kontor 612 16 293

**SOKNEPREST:**  
Kvikne og Sødorp blir lyst ut

**DIAKON:**  
Per Øyvind Fredin  
Tlf. 95 78 78 24

**TRUSOPPLÆRAR:**  
Per Øyvind Fredin  
Tlf. 95 78 78 24

**KYRKJEMUSIKAR:**  
Iren Falkenhaus. Mobil 96 73 95 50

**ORGANIST:**  
Bernt Fauske. Tlf. 406 03 269

**SØDORP SOKN**  
Soknerådsleiar:  
Kirsten Dina Leine. Tlf. 901 01 690  
Kyrkjetenar:  
Frank Varpestuen/graver. Tlf 456 06 026  
Kyrkjetenar Ivar Kvande  
Tlf. 951 58 927

**KVAM SOKN**  
Soknerådsleiar:  
Egil Myhre  
Tlf. 970 67 723  
Kyrkjetenar:  
Svein Fredrik Kjæstad  
Tlf 908 45 584

**KVIKNE SOKN**  
Soknerådsleiar:  
Kristian Ekre  
Tlf 612 95 832/911 31 563  
Kyrkjetenar:  
Jan Smikop  
Tlf 951 22 470

**SKÅBU SOKN**  
Soknerådsleiar:  
Unni Bøyum Kluge  
Tlf 932 92 209  
Kyrkjetenar:  
Jan Smikop  
Tlf 951 22 470

**FAMILIE-RÅDGJEVING**  
Familievernkontoret, Otta  
Storgt 21, 2670 Otta  
Tlf 612 30 536  
Kl 09.00 – 14.00

**Grafisk produksjon:**  
Dale-Gudbrands Trykkeri a.s.  
[www.dg-trykk.no](http://www.dg-trykk.no)



# HEIM OG KYRKJE



## Døypte

**KVAM:**  
Kristoffer Strandheim


**KVIKNE:**  
Eline Rogne  
Sigurd Rogne

**SØDORP:**  
Mina Mølmen  
Ellinor Rolstad Øiamo  
(Sør-Fron kyrkje)



## Vigde

**KVAM:**  
Venke Helen Sletten  
og Frank Jensvoll



## Døde

**KVAM:**  
Mary Kjellfrid Hennelund  
Anders Fortun (Bisettelse)

**SKÅBU:**  
Ola Veslum

**SØDORP:**  
Helge Solberg  
Karen Heimstad  
Jan Nygård  
Kari Margrete Larssen Brenna  
Björg Solberg



**vipp**s

### VIPPS NUMMER TIL SOKNERÅDA

KVIKNE: 137266 SØDORP: 135692  
KVAM: 113553 SKÅBU: 115389

**Kyrkjekontorets e-post-adresse:** [grete.bakken@nord-fron.kommune.no](mailto:grete.bakken@nord-fron.kommune.no)

**Heimeside:** [www.kirken.no/nord-fron](http://www.kirken.no/nord-fron)

### NESTE NUMMER

av Kyrkjeblad for Nord-Fron kjem ut mars 2023.  
Frist for stoff: 15. februar.

### KYRKJEBLAD FOR NORD-FRON

Redaktør for kyrkjebladet er Bjørn Kjellsson Sletten, [bjorn.sletten@gmail.com](mailto:bjorn.sletten@gmail.com).  
Redaksjonskomite: Unni Bøyum Kluge (Skåbu), Anders Hage (Kvikne),  
Morten Sylte (Kvam) og Aase Toxe Tveit (Sødorp).

Kyrkjeblad for Nord-Fron – Nedregate 50 – 2640 Vinstra  
Kontonummer: 2095.49.59768

# En biskop for alle

**Kirkerådet utnevnte i november Ole Kristian Bonden til Solveig Fiskes etterkommer.**

– Ole Kristian er kjent som en solid folkekirkeprest og har stor oppslutning blant både menighetsråd, prester og lekkirkelig tilsatte i Hamar bispedømme. Han er vennlig og – jeg vil nesten si – mild. Han er folkelig og veldig lite breial og rett og slett veldig hyggelig, sa kirkerådsleder Kristin Gunleiksrud Raaum i sin hilsen til den nye biskopen dagen etter utnevnelsen.

Bonden fikk 12 av 16 stemmer i Kirkerådet i avstemningen 10. november.

– Det er overveldende, og samtidig et stort alvor å bli biskop i Den norske kirke. Jeg ser frem til å gå inn i denne viktige tjenesten med glede og forventning. Jeg vil videreføre Hamar bispedømme som folkekirkebispedømme, inn i en ny tid.

Det sier den nytilsatte biskopen, som i dag er prost i Sør-Østerdal i Hamar bispedømme.

## Stedegen biskop

Preses i Bispemøtet, Olav Fykse Tveit, ser fram til å få inn en kollega med solid og livslang nærhet til bispedømmet han skal lede.

– Hamar får en svært god biskop i deg, Ole Kristian. Du har jobbet mye med det som kalles stedegen teologi, og videre utvikling av stedegen liturgi for gudstjeneste og kirkelige handlinger. Du har både dialekt og nærhet til folk i Innlandet, og kommuniserer godt der du møter mennesker i ulike sammenhenger, både i og utenfor kirkerommet.

## En sterkt ønsket biskop

Gunhild Tomter Alstad leder Hamar bispedømmeråd, og hun beskriver rådet som heldige som har fått Ole Kristian Bonden som sin nye biskop.

– Ole Kristian, du har en sterk og tydelig forkynnelse av evangeliet. Du får folk til å føle seg velkommen i kirka og kjenne at den er deres. Nå er det vår tur å si til deg: Føl deg velkommen i tjenesten som biskop! Du er sterkt ønsket som biskop i Hamar, og vi tar imot deg og tjenesten din med et åpent sinn og stort hjerte.

## En rørt biskop

Hovedpersonen selv var beveget over tilliten han har fått ved å bli valgt til biskop, og har tatt med seg viktige ord fra sine forgjengere, Rosemarie Köhn og Solveig Fiske: “Ingen tro er for liten” og “Gud gjør ikke forskjell på folk”

– Jeg vil ha en raus og tydelig kirke som er til stede i samfunnet og i menneskers liv, ei kirke som bryr seg om folk. Ei hellig og alminnelig kirke, det er kirka for meg. Den skal være et annerledes rom, som er hellig, men likevel har rom for det alminnelige livet. Jeg vil arbeide for at folk i Hamar bispedømme skal gjenkjenne livet sitt i folkekirka og samtidig gjenkjenne Jesu Kristi nåde, Guds kjærlighet, og Den hellige ånds samfunn.

Vigslingen vil skje 29. januar i Hamar domkirke.



*Ole Kristian Bonden er valgt som ny biskop i Hamar. Foto: Kirkerådet*

# Avskil med biskop Solveig

## I slutten av oktober vart Solveig Fiske takka av som biskop i Hamar etter 16 år.

Solveig Fiske vart frå 1. november 2022 biskop emerita Solveig Fiske. Fiske fylte 70 år 26. oktober 2022, og jubilanten feira dagen med gudstenesta «Messe for verdighet» i Hamar domkirke. Det vart hennar siste oppdrag som biskop.

– Solveig Fiske har gjennom 16 år som biskop stått opp for likestilling, rettferd i samfunnet og for mangfald i Den norske kyrkja. Ho har også vore ei sterk stemme mot vald og seksuelle overgrep, skriv Den norske kyrkja på sine nettsider.

Hamar domkirke var fylt til siste benkerad under avskjedsgudstenesta søndag 23. oktober.

### Jesus gir håp

I preika si mana biskopen til å stå saman om å skape fellesskap og førebygge utanforkulturar. Ho synta til Jesus si sterke tilknytning til barna, til dei minste og mest sårbare.

– Jesus plasserer seg på barna si side, saman med dei minste. Det er eit håpsutsegn, sa Fiske, før ho heldt fram:

– Gjennom 40 år som prest, og 16 år av desse som biskop i Hamar bispedømme, har eg fått sjå store endringar. Kyrkja er vorte meir ope, og fleire har kunna finne sin plass her. Dette er eg glad for, og eg er fylt av forventningar til korleis kyrkja framover vil plassere seg.

### Eit plaster på såret

Preses Olav Fykse Tveit heldt si tale til biskopen i samband med avskilsgudstenesta.

– Du har synt korleis kvinner i leiarrøller kan og vil bidra til endringar som styrkjer kvinners stilling og frimod til å fylle oppgaver i kyrkja, og vore ein inspirasjon

og førebilete for mange. Du har også vist at alle kan få vere med og oppleve seg som del av ei ope og tenande folkekyrkje, der det er bruk for oss slik vi er og som den vi er i tenesta med å formidle evangeliets budskap til alle, sa preses.

Morten Stensberg frå Presteforeningen roste biskopen for å ha vore ”Eit plaster på manges sår.”

Biskop Solveig hadde sitt siste møte med Hamar bispedømmeråd torsdag 20. oktober. Her vart ho takka av med gåve og helsingar frå rådet.

Bispedømmerådets leiar Gunhild Tomter Alstad avslutta si tale slik:

– Du gjer oss stolte over å komme frå Hamar bispedømme. Du er eit sterkt og tydeleg førebilete. Takk for at du har verkeleggjort og realisert visjonen vår «Hellige rom for alminnelige liv.»



*Den siste gudstenesta er unnagjort og biskopen får takk – og takkar – på kyrkjetrappa.*

## – Ei gåve i rett tid

### Rosemarie Köhn døydde 30. oktober, 83 år gamal. Preses Olav Fykse Tveit heldt minnetalen i gravferda hennar.

– Ho var ei av dei første kvinner som vart ordinert til presteteneste. Ho var den første kvinna som var rektor for Det praktisk-teologiske seminaret ved Universitetet i Oslo. Ho vart i 1993 Den norske kyrkjas første kvinnelege biskop, men også den første i Norden og den tredje i den lutherske verdsfamilien. Med dette vart ein draum oppfylt, om at likeverd og likestilling skulle gje seg eit slikt uttrykk i kyrkjas leiarskap. Slik er ho ikkje berre ein person. Ho endra også kyrkjehistoria.

Fykse Tveit skildra Köhn som ei gåve:

– Ho var ei heilt spesiell gåve i rett tid til Den norske kyrkja og til alle hennar medlemmer, men også til heile

det norske samfunnet. Vi ser overveldande teikn på dette i dag, og vi høyrer og les det som vert sagt om kor mykje ho fekk bety for så mange. Det takkar vi henne for i dag. Vi takkar Gud for den ho var.

Gravferda var leia av tidlegare Hamar-biskop Solveig Fiske. I talen fortalde ho om ”Sannhetens øyeblikk” som Köhn opplevde.

– Sannhetens øyeblikk der biskop Rose såg evangeliet si varige vilje og stod opp for det frigjerande og gode som Jesus Kristus kom med og stadig kjem med.

– No er ho overgjeven i Guds gode hender – til den kjærleik som er sterkare enn døden, avslutta Fiske.

# Globale, diakonale og misjonale merkedagar i 2023

Finn inspirasjon og ressursar til gudsteneste, trusopplæring og lokale arrangement på [ressursbanken.no/merkedager](http://ressursbanken.no/merkedager) eller på nettsidene nedanfor.

Bruk gjerne [www.baerekraftsboka.no](http://www.baerekraftsboka.no) gjennom året.

Ressursane er verktøy som kan realisere visjonen om kyrkja som **tenande, misjonerande, vedkjennande** og **open**. Ta med ressursarket i planlegginga til kyrkjelyden, vel og gjer slik det passar lokalt!

Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp, misjon gjennom «Misjonsavtalen til kyrkjelyden» og skaparverkets dag er særleg viktige og utbreidde.

## Openberringstida (tida frå nyttår til faste)

Særleg fokus på misjon i forkynning, gudstenester og ulike arrangement. Styrking av kyrkjelydens misjonsengasjement. [www.kyrkja.no/smm](http://www.kyrkja.no/smm)

Berekraftsmål: 1, 4, 5, 7, 8, 11, 12, 13, 15, 16 og 17.

## Økumenisk bønemateriell

Bøner for og frå land og kyrkjer i heile verda, nye kvar veke. Bøneveka for kristen eining blir vanlegvis markert den tredje veka i januar.

[www.ressursbanken.no/merkedager](http://www.ressursbanken.no/merkedager)

## Samefolkets dag

6. februar. Ressursar finn de her: [www.kirken.no/samisk](http://www.kirken.no/samisk)

## Fastetida

Kirkens Nødhjelp legg til rette for ein faste der diakonien kjem tydeleg til uttrykk i kyrkjelydane. Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp blir primært markert frå søndag til tysdag før palmesøndag: [www.fasteaksjonen.no](http://www.fasteaksjonen.no)

Berekraftsmål: 1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 10, 13, 16, 17.

## Skaparverkets dag

Datoen er valfri, men kan knytast til FN's miljødag 5. juni, hausttakkefest eller diakonidagen. [www.gronnkirke.no](http://www.gronnkirke.no)

Berekraftsmål: Særleg mål nr. 13, ein føresetnad for alle mål; også 7, 12, 14, 15, 16, 17, osv.

## Saman som kyrkje i heile verda

Frå Kristi Himmelfart til St. Hans kan kyrkjelyden synleggjere og styrkje kyrkjelyden sin misjonsavtale gjennom Saman som kyrkje i heile verda aksjonen.

[www.kyrkja.no/sammen](http://www.kyrkja.no/sammen)

## Kyrkjeveka for fred i Israel og Palestina

Vanlegvis frå søndag til søndag i samband med FN's fredsdag 21. september. Global markering på initiativ frå Kyrkjenes verdsråd. [www.kirkeukaforfred.no](http://www.kirkeukaforfred.no)

Berekraftsmål: 16, 17, med verknad for alle andre

## TV-aksjonen

Oktober 2022, til i 2023 til inntekt for Redd Barna. Gudstenestemateriell kjem på:

[www.ressursbanken.no/merkedager](http://www.ressursbanken.no/merkedager)

Berekraftsmål: 1,2, 3 og 4 med fleire.

## Søndag for dei forfølgde

Andre søndagen i november (12. nov.) eller når det passar. Kan kombinerast med Global veke. [www.stefanus.no](http://www.stefanus.no)

Berekraftsmål: 16 og 8, 10, 17.

## Global veke mot moderne slaveri

Vanlegvis den andre veka i november (12.–19. nov.) frå søndag til søndag. Nasjonal tverrkyrkjeleg markering på initiativ frå Norges Kristne Råd. [www.globaluke.no](http://www.globaluke.no)

Berekraftsmål: 8, 4, 5, 10, 16 og fleire andre.

## Rettferdskonferansen

Bli arrangert annakvart år. Neste gang i 2024.

Tverrkyrkjeleg konferanse, del av nettverket The Justice Conference. [www.rettferdskonferansen.no](http://www.rettferdskonferansen.no)

Berekraftsmål: Særleg mål 8, 10,13, 16

## Adventstid og jul

Her finn de Kirkens Nødhjelps ressursar til kyrkjelydsblad og takkoffer julaftan:

[www.kirkensnodhjelp.no/om-oss/for-kirkene/advent-og-jul/](http://www.kirkensnodhjelp.no/om-oss/for-kirkene/advent-og-jul/)



DEN NORSKE KYRKJA



KIRKENS NØDHJELP  
actalliance



# Konfirmantjubiläum i Kvam

50-års konfirmanter 2020



3. rekke fra venstre: Per Arne Holen, Kjell Berget, Tor Håkon Tangen, Jan Nordlien og Morten Randen.  
2. rekke fra venstre: Synnøve Thorud Johnsgård, Tove Skalleberg (født Moen), Helene Nyheim.  
1. rekke fra venstre: Marit Brendstuen, Tove Kolloen og Sølvi Andersstuen.

60-års konfirmanter 2020



2. rekke fra venstre: Helge Oddvar Næprud, Per Sletten  
1. rekke fra venstre: Magda Inger Ekre (født Teigen), Anne Marie Klevstadlien (født Hansen), Gerd Wahlquist (født Lihaug) og Eva Solveig Enget (født Lunde).

# Konfirmantjubiläum i Kvam

70-års konfirmanter 2020



*Magnar Killi.*

50-års konfirmanter 2021



*2. rekke fra venstre: Morten Teigøyen, Åge Moen og Åge Lillesandbu.*

*1. rekke fra venstre: Mari Olava Kleiven (født Syversen) og Randi Brustuen.*

60-års konfirmanter 2021



*F. v.: Oddmar Laurits Wilhelmsen, Anne Kari Sanden (født Bergum) og Håkon Sveen.*

70-års konfirmant 2021



*Martha Iversen (født Letrud).*

# Konfirmantjubiläum i Kvam

50-års konfirmanter 2022



2. rekke fra venstre: Kjell Erling Brendstuen, Svein Helge Havn og Villy Tangen.  
1. rekke fra venstre: Unni Rønningen (født Kolloen) og Randi Nordlien Berg.

60-års konfirmanter 2022



2. rekke fra venstre: Ola Krokbo, Bjarne Iversen, Svein Brendstuen og Per Lunde  
1. rekke fra venstre: Oddrun Ekre Teigen, Aud Oline Mathisen (født Haugen) og Randi Palma Krukhaug (født Steinfinnbø).



# Konfirmantjubiläum i Kvam

70-års konfirmanter 2022



2. rekke fra venstre: Kjell Magne Ressel og Rolf Asbjørn Krok  
1. rekke fra venstre: Karen Oddny Nårstad (født Nordlien), Marit Synnøve Eide (født Aspeslåen) og Anne Kari Røsummoen (født Søndenfor)

80-års konfirmanter 2022



Ivar Holten.

# Konfirmantjubiläum i Skåbu

50-års konfirmant 2020



*Liv Oddrun Grauphaugen.*

50-års konfirmanter 2021



*2. rekke. f. v.: Torbjørn Maurstad, Per Martinius Risdal, Georg Sande og Torstein Risdal.*

*1. rekke f.v.: Randi Gunhild Høglo (født Ekre), Ellen Marie Smikopp og Aud Mari Haug (Født Syversbuset).*

60-års konfirmanter 2021



*F. v.: Kjell Sletten, Ola Været og Per Tormod Johnsgaard.*

# Konfirmantjubiläum i Skåbu

50-års konfirmanter 2022



F. v.: Bjørg Astrid Riiser (født Hysjulien), Eivind Morten Kvellestad og Bodil Elisabeth Anseth.

60-års konfirmanter 2022



F. v.: Marit Bratlien Hellebergshaugen, Bjarne-Reidar Fosse og Astrid Thea Magnussen (født Maurstad) og Synøve Fjæstad Haugastuen.

70-års konfirmanter 2022



F. v.: Randi Molfrid Roven, Odd Bekkum og Liv Solveig Nyvold (født Sletten).

# Konfirmantjubiläum i Sødorp

60-års konfirmanter 2020



F. v.: Solveig Marie Ødegaard Bjorland, Helga Ragna Åsmundstad Sæbo og Anna Ingrid Molstad.

70-års konfirmant 2020



F. v.: Ragnhild Marie Lohaugen (født Kongslie) og Mari Olaug Solli (født Bakken).

50-års konfirmanter 2020



1. rekke fra venstre: Marit Brandvold (født Haug), Marit Sigrun Ovrum (født Einlien) og Jorunn Bodil Berget.
2. rekke fra venstre: Guri Brandvold, Randi Irene Hegg (født Karsrud), Anne Sundt og Anni Oline Grøndal (født Skreden).
3. rekke fra venstre: Randi Ellen Skoe (født Solli), Solveig Grindstuen (født Bratlien), Aud Skogen, Ingunn Slaastuen, Ragnhild Elvira Holen (født Venaasen) og Anny Brandlistuen (født Klypen).
4. rekke fra venstre: Trond Sandbakken, Hans Hage og Stig Charles Westre
5. rekke fra venstre: Ole Johan Kolseth, Hans Petter Solberg, Torbjørn Mellesmo og Magne Myrum.

# Konfirmantjubiläum i Sødorp

50-års konfirmanter 2021



4. rekke fra venstre: Olav Brandvol, Ole Ludvig Tøsse og Trond Ødegården og Yngve Olav Aartun.  
3. rekke fra venstre: Lars Olav Hermanson, Svein Storrvik og Odmar Byrbotten.  
2. rekke fra venstre: Hans Bryhn, Geir Kjartan Wangen, Bjørn Sagranden og Per Steinar Stormyrbakken.  
1. rekke fra venstre Sigrid Taarud, Nora Marie Stormyrbakken (født Pettersen), Berit Ulekleiv.

60-års konfirmanter 2021



F.v.: Geir Skaaden, Inger Lise Moen, Bjørg Tokvam, Eldrid Helene Olstad Rønningen, Jan Gunnar Vaet og Vidar Skaare.

# Konfirmantjubiläum i Sødorp

60-års konfirmanter 2022

70-års konfirmant 2022



3. rekke fra venstre: Hermann Edgard Gudbrandstuen, Aksel Oddgeir Lunde, Ola Tarud og Magne Pålhaugen.  
2. rekke fra venstre: Else Synnøve Skar, Rønnaug Hvattum, Randi Haverstadløkken (født Tron), Inger Vaet (født Bø)  
1. rekke: Gunnhild Torgersrud.



Olaf Giverhaug.

50-års konfirmanter 2022



4. rekke fra venstre: Ola Palmer Botten, Jan Arne Andreassen, Knut Kjøk, Trond Wangen, Per Ragnar Kolås.  
3. rekke fra venstre: Agnethe Gulbrandsen, Randi Ottesen, Gunn Eva Melbø (født Solli), Anne Kari Andersen (født Solberg)  
2. rekke fra venstre: Kristin Brandvold, Liv Eva Gråsletten  
1. rekke fra venstre: Kristin Sundt, Lise Berit Rundtom, Jorunn Bente Fossmo (født Rusten), Anne Marie Bjørkhaug (født Bekkemellem), Bjørg Mary Stuen

# Konfirmantjubiläum i Kvikne

50-års konfirmant 2020



F. v.: Jon Egil Hage, Ellen Marie Sletten (født Rusten), Liv Graupe Stø, Kari Margrethe Lien (født Smikop), Bodil Uhlen Odnes og Arvid Åsbakk.

50-års konfirmanter 2022



Gunn Irene Rusten og Kåre Silli.

60-års konfirmant 2020



F. v.: Ola Aasmundstad, Marit Håkenstad (Harildstad), Per Sylte.

60-års konfirmanter 2022



F. v.: Reidar Hagelien og Inge Arvid Barkenæs.

# Songglede på Hausttakkefesten



Songglade 4 og 5-åringar var med på «Kven har skapt alle blomane» i Sødorp kapell, der 4-åringar fekk 4-årsboka i haust.



## Kode B i Sødorp kyrkjestugu

Det var samla åtte 11-åringar i Sødorp kyrkjestugu på andre samling av trusopplæringstilbodet Kode B i november. Ei av oppgåvene i løpet av samlinga, var å finne ingrediensar til Bibelkaka, som deltakarane åt etter å samarbeidd om å løyse kode-oppgåver saman.

## Laurdagsklubben ruller vidare

Laurdagsklubben er eit tilbod for alle ungar i kommunen, frå 4-12 år. Klubben har eksistert i mange år, og er drive av frivillige krefter i kyrkjelyden.

- Vi møtast éin gong i månaden frå kl.11.00-13.00 på Kyrkjestugu på Vinstra. På klubben syng vi mykje, vi får oppleve ei bibelforteljing mellom anna gjennom dramatisering og dukketeater, og vi har alltid eit «oppdrag» knytt til forteljinga. Vi avsluttar klubben med ein enkel lunsj, fortel Kathrine Ruset Sletten og Hildegunn Maria Haanes Ruset som er frivillige leiarar på klubben.

For ungane under skulealder er det fint viss foreldre er med.

Ta kontakt med Kathrine på e-post [khruset@hotmail.com](mailto:khruset@hotmail.com) dersom de har spørsmål eller ønskjer å melde dykk på!

Semesterplanen for våren ser slik ut:

14.01.23	01.04.23 Påskespesial!
11.02.23	22.04.23
11.03.23	03.06.23 Sommaravslutning!



Klubben kostar kr. 100,- pr. barn i året.





# BARNAS

## Finne 10 navn og ord fra julefortellingen

Navnet på ti navn og ord fra juleevangeliet er gjemt inni rutenettet under. Navnene står bortover og nedover. Finner du alle?

Å	F	J	O	D	E	L	I	J	A
U	B	E	T	L	E	H	E	M	Q
M	E	S	S	I	A	S	N	A	A
U	L	U	I	G	U	G	G	R	U
J	O	S	E	F	F	J	E	I	G
O	L	P	Å	S	W	E	L	A	U
N	A	S	A	R	E	T	X	Ø	S
S	M	A	K	K	I	E	P	I	T
K	Y	I	L	L	I	R	A	P	U
I	K	R	Y	B	B	E	M	Ø	S




Gi barnebladet Barnas til et barn du er glad i!

Disse oppgavene er hentet fra bladet.

Bestill abonnement på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no) eller 22 08 71 00



## Fargelegg!



## Finne fem feil!

Engelen forteller gjeterne på marken nyheten om Jesu fødsel. De to bildene er nesten like. Finner du de fem feilene på bildet til høyre? Tegning: Asbjørn Tønnesen



# Julehelsing frå Sødorp sokneråd

2022 er snart historie - og vi kan alle sjå tilbake på eit år, fylt av ymse slag vi har opplevd. Vi kan tenke på alt vi har gjort og kanskje ting vi ikkje fekk gjort...? Eg er så takksam!

Takksam for at eg får bo og leva akkurat her, i Norge. I eit land eg kjenner som mitt fedreland. Trygt og sikkert.

Takksam for at eg kvar dag kan få oppleve soloppgang, morgonkaffe og avisa, som nokon har lagt i postkassa vår, ha ein trygg familie rundt meg, ha gode og ærlege venner og naboar, vakkert landskap omkring oss. La auga kvile på frodige jorder, i Sødorp og Ruste, der det blir dyrka mat, det bugner av korn, potet og grønnsaker. Til både folk og fe, rett utanfor døra.

Takksam for at eg, når som helst, kan gjera det eg har lyst på, uten å ofre det ein einaste tanke - eg tek det som ei sjølvfølge. Dessverre er det ikkje slik for alle i Europa i dag. At ein krig skulle koma att, så nære innpå oss, det hadde vel ingen av oss trudd?

Sjølv om vi sitt, trygge i eiga stue, ser vi kva krig kan føre med seg - av ondskap og råskap, død og menneskeleg liding. Det gjer noko med oss, i unge sinn og i gamle sinn, alle blir vi råka, på ein eller anna måte. Og kanskje er det egoistisk, men akkurat derfor er eg så takksam, for at akkurat vi får lov å leva og bo her.

At vi har ei kyrkje, der vi alle blir inkluderte - ei kyrkje som tek imot oss, akkurat som vi er - både i glede og sorg. Og i og rundt kyrkja, er det mange som legg ned ein stor innsats, for at både barn, unge og gamle, skal få eit godt tilbod. At alle skal kjenne seg velkomne og bli tatt vare på.

Derfor vil eg og i år, som tidlegare, få rette ein stor TAKK - til alle som gjer ein innsats for kyrkja, for å få dette til. Alle på kyrkjekontoret, prestane, kyrkjjetenarane, alle vikarar, som på eit blunk "hoppa inn", alle frivillige, de gjer ein forskjell - for mange!

Men, også i år, vil mange gå advents- og juletida i møte, med stor og tung sorg, over nokon som har gått bort. Nokre strever med å finne seg tilrette på ny plass, nytt arbeid, kanskje utan arbeid...? Nokre strever med sjukdom og store endringar i livet. Til alle dykk, vil vi i Sødorp sokneråd, sende ei ekstra varm julehelsing, og si som biskop Per Arne Dahl: "Max Bless!"

**Og til ALLE, store og små - som bor i soknet vårt:  
Vil vi ønske ei GOD og GLAD JUL og eit VELSIGNA 2023**  
*For Sødorp sokneråd, Kirsten Dina Leine*



# Julehelsing frå Kvikne sokneråd

I år skal vi feire høgtida i kyrkja. Den er nå ferdig restaurert og vil stå trygt inn i framtida.

Det som ikkje er så trygt nå og som har kome tett innpå oss, er verknadene av krig, tørke og flommar. Det har prega store delar av året vi legg bak oss. I Noreg lever vi, trass i markante endringar i prisar på mange nødvendige varer og tenester, på den grøne greina når vi samanliknar oss med alle andre land. Det gir grunn til takksemd og eit ansvar for å dele det vi har fått av goder, både i juletida og resten av året. "For eg var svolten, og de gav meg mat; eg var tørst, og de gav meg drikke; eg var framand, og de tok imot meg; eg var naken, og de kledde meg; eg var sjuk, og de såg til meg; eg var i fengsel, og de vitja meg." Matt. 24,36-36).

Soknerådet vil helse alle i soknet som har mista ein av sine i året som gjekk, og til dei som slit med helsa på ymse vis. Soknerådet er også glade for alle som har gitt sine bidrag til kyrkja, delteke på samlingar i kyrkja sin regi og har omtanke for ho.

Takk for godt samarbeid til dei tilsette på kyrkjekontoret, prestar, kyrkjjetenar, kyrkjevartar og tekstlesarar. De er heilt avgjerande for at vi kan driva kyrkja og arbeidet vidare.

**God jul og godt nytt år til alle i Kvikne sokn.**

*For Kvikne sokneråd  
Kristian Ekre*

# Julehelsing frå Kvam sokneråd

Så er me alt komne inn i adventstida endå ein gong. Dagar, veker og år går fortare og fortare. Det hev ikkje alltid vore slik. Som liten kjendest det lenge mellom måndag og laurdag. Har ein mykje å vera oppteken med då går tida og. For borna vert nok dagar og veker fram mot jul lange og spennande. Kjem dei til å få det dei ynskjer seg mest? Det er gamal skikk at mykje skal gjerast fram mot jul. Dette vart vel meir praktisert før enn no. Eg tenkjer då mellom anna på slakting av gris og anna matførebuing som måtte vera unnagjort i god tid. Vasking og ekstra pynting til jul er og ein fin gamal skikk. Det kan vera travelt og slitsamt, men så gjev det ei god kjensle av høgtid og fred når alt er ferdig og roa senkar seg. Så kan me reisa til kyrkja vår for å høyra den gledelege budskapet at det var fødd oss ein Frelsar i Betlehem. Men dei hadde ikkje husrom til han. Han laut fødest i ein stall. Gjetarane på marka var dei første som fekk budskapet av engelen og ein himmelhær. Englane lova Gud og song: ”Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda mellom menneske som Gud hev hugnad i”.

Budskapet er over 2000 år gamal, men på jorda ser det ut til å vera langt att før det vert fred. I Bergpreika Matt.5.9 kan vi lese “Sæle er dei som skaper fred, dei skal kallast Guds born”. Mange hev gjort og gjer ein stor innsats for å skapa fred. Gandhi sa eingong: «Sanninga og kjærleiken sin veg vil alltid vinna. Tru og håp, sanning, kjærleik og forsoning vil vinna til slutt og skapa fred i hjarte, sinn og verd».

Vi sett stor pris på kvar og ein av dykk for at de stillre opp gjennom året, når det er noko kyrkja har behov for. Kvam sokneråd helse spesielt til dei som har mista nokon av sine kjære siste året. Likeins vil vi helse velkomen til alle nye som er komne til soknet vårt.

***Ynskjer alle velsigna julehøgtid, og eit riktig godt nytt år!***

*Kvam Sokneråd*

*Egil Myhre, leiar*



# Julehelsing frå Skåbu sokneråd

***Blott en dag, ett ögonblick i sänder, vilken tröst vad än som kommer på!***

***Allt ju vilar i min Faders händer, skulle jag, som barn, väl ängslas då?***

***Han som bär för mig en faders hjärta, giver ju åt varje nyfödd dag***

***dess beskärda del av fröjd och smärta, möda, vila och behag.***

Vi har vært, og er, inne i en trøblete tid, - men som en venn stadig sa: Det blir bra til slutt!

Soknerådet sender styrke og kjærlighet til de som sliter, og håper vi alle våger å tro på at alt blir bra! Vi må omstille oss, leve litt annerledes, - men det er langtfra sikkert at det blir et dårligere liv. Og alltid må vi ha blikket festet på det som er godt og lyst og trygt!

Dette soknerådet er nå inne i sitt siste år. Neste år er det valg, og om ikke så lenge begynner vi å ringe rundt og spørre om DU kan tenke deg å gjøre en dugnad for kirken vår. Jeg håper dere ser viktigheten av å ha eget råd som styrer egen kirke og gravplass, slik forfedrene så det for hundre år siden.

Vi sender våre hjerteligste juleønsker til alle i bygda, spesielt til de som sliter med savn eller sykdom, angst og bekymring. La oss være der for hverandre!

Riktig god julehøytid, og takk også til de kirkelig ansatte! De har hatt et slitsomt år, med lav bemanning. Stor takk til Jens Petter, nå pensjonist, som trår til og hjelper der han kan, aldeles ulønnet! Og selvfølgelig en enorm takk til Jan som har sin siste jul som kirketjener, etter 24 år i tjeneste i Kvikne og Skåbu. Maken til ansvarsfølelse og yrkesstolthet skal man lete lenge etter! Takk!

***Velsignet julehøytid, hver og en!***

*Skåbu sokneråd, Unni Bøyum Kluge*

# Konfirmanttur til Dovrefjell

30. oktober dro konfirmantane frå Nord-Fron saman med vaksenleiarar til Dovre for å vera saman med konfirmantane frå Dovre. Det vart ein flott dag på Dovrefjell med omtrent 70 konfirmantar frå Nord-Fron og Dovre. Temaet for turen og samlinga var fjellet: Kva tyding fjellet har for dei bibelske forteljingane, historie knytt til



pilegrimsleia og villrein. Det var undervisning ved Norsk Villreinsenter - Nord ved naturrettleiarar Kristin Gansmo Brenna og Roy Duvier. Konfirmantane gjekk ei kort pilegrimsvandring ifølgje med forfattar og teolog, Hans-Jacob Dahl. Så var det gudsteneste i Eysteinkyrkja. Dagen vart avrunda med taco, quiz og song på Hjerkinhus.



## Toner i andakter

Diakonimedabeider Per Øyvind Fredin og organist Bernt Fauske holder andakter på Sundheim og Sundtunet på onsdager. I andaktene betyr kanskje sang og musikk mer enn ordene som formidles.

I september arrangerte Diakoniforbundet i Hamar stift kurset "Å finne tonen i kirkens nestekjærlighetsarbeid" på Granum gård (i Søndre Land), der fokuset var musikk. Per Øyvind og Bernt fulgte kurset. Det var ledet av diakon, Margrethe Vang Nedregård fra Vestre Toten og musikkterapeut, Tone Sæther Kvamme fra Norges musikkhøgskole.

- Begge kurslederne viste et brennende engasjement for dette arbeidet, og hvorfor det er så viktig. En viktig dimensjon i arbeidet er å se den enkelte, og hvordan bruke musikk som ressurs for å inspirere til styrket



Samtale etter andakt mellom Gunhild og Per Øyvind.

kommunikasjon. Å se, bedømme og handle er viktig for diakonien, og finne ut hvem som trenger å bli sett og hørt, forteller Per Øyvind.

Kyrkja i Nord-Fron sine to representanter på kurset fikk input om hvordan arrangere andakter, og tanker om hvordan å gjøre musikk og sang mer tilgjengelig.

Deltaker under andakt, Gunhild er en aktiv dame. Hun syns andaktene er fine, og følger de annenhver onsdag.



Margrethe Vang Nedregård formidler om musikk i bibelsk sammenheng.

**SpareBank**  
GUDBRANDSDAL  
Tlf. 612 18 000 - Web adr: www.s1g.no



**Vekstra**  
Regnskap Gudbrandsdalen

Avd: Vinstra, Nedreg. 63, 2640 Vinstra  
Avd: Fåvang, Stasjonsv. 1, 2634 Fåvang  
Tlf 61 29 52 70

Plass for din bedrift?  
Støtt Kyrkjebudet!

**Vinstra;libris**

Peer Gynt Kjøpesenter | 2640 Vinstra  
Tlf: 61 29 04 09 | vinstra@libris.no  
www.libris.no/vinstra

**Dale-Gudbrands Trykkeri a.s**  
2635 Tretten, tlf. 61 27 73 50.

www.dg-trykk.no



**HÅREK**  
FRISØRSALONG  
-KVAM-



Vinstra.  
Tlf 61 29 04 01

**TOYOTA**  
**DOKKEN BIL AS**  
Tlf. 61 29 29 20 Lomoen, 2640 Vinstra  
http://vinstra.toyota.no - E-mail: post.vinstra@toyota

**Hageland**  
Bjørke



Tlf 915 750 74  
Vi hjelper deg med blomster til  
begavelse og andre anledninger.

**OM Bakken Bygg AS**  
ENTREPRENØR - HUS OG HYTTER

Lomoen - Vinstra  
Tlf. 61 21 60 00  
Fax 61 21 60 01

*Bakken*  
*Begavelsesbyrå* Tlf. 47 68 22 27

**Lore Søndenfors**  
Landbruksentreprenør Tlf 901 97 409

**SENTRUMS**  
**HJØRNET**

Elvevegen 4 - Kvam. 906 39 181

**JOBE**  
GRAVSTEINSERVICE AS

- Innskriftsjoner
- Oppussing
- Omsliping

Arbeidet utføres på kirkegården.  
Raskt tilbake.

Mobil: 412 56 304  
Epost: post@jobegravsteinservice.no

**BE Sanden Bygg AS**

Tlf. 905 94 187 Bjørn Einar

**abaris**  
APPS FOR BUSINESS

Plass for din bedrift?  
Støtt Kyrkjebudet!

## Peer Gynt Seterveg

Peer Gynt Seterveg starter på vinstra og ca. 45 km. Den møter Kvam Sterveg på grensa Sødorp/Kvam. Ta turen over fjellet, en fantastisk tur!  
Se og les mer på: [www.peergyntseterveg.com](http://www.peergyntseterveg.com)

Plass for din bedrift?  
Støtt Kyrkjebudet!

**REMA**  
**1000**

Lomoveien 1, 2640 Vinstra  
Tlf. 61 29 50 00



Kvam  
Tlf 61 29 44 30

**KIWI** mini pris

KIWI KVAM  
TLF. 612 16 850

## Fron Gravstellservice AS

v/ Beathe Malerbakken. Mobil: 992 72 372. E-post: bmalerbakken@gmail.com

Vi tek oss av stell av graver med planting vår, sommar og haust samt vatning. Vi kan også ordne med pynting til påske og jul.



Rustvegen 170, 2640 VINSTRA. Telefon: 612 92 460.



## SLANGEN SETER

Anita Stebergløkken, tlf 90 95 88 38. Slangsliv. 290, 2634 Skåbu  
E-post: post@slangen-seter.no - www.slangen-seter.no



Minnesamvær, barkedåp, konfirmasjon, bryllup, jubileum.

Spisesal med plass til 45 pers. - stemningsfull peisestue - overnattingsmuligheter for totalt 60 pers. - gammel miljøskapende fjellstue i unike omgivelser - fjellgård.

Skåbu Servicesenter  
Hos Rødhette & Ulven

- Restaurant • Bar
- Catering • Cafe
- Kokken hjem/På hytta

61 29 55 86 - 975 62 208  
2643 Skåbu - [facebook](#)

Velkommen



[post@skaaburegnskap.no](mailto:post@skaaburegnskap.no)

Tlf.: 413 83 898



Vinstra Begravelsesbyrå AS  
Lise Veikleenget, 99 58 29 43  
Nina S. Veikleenget, 94 83 25 40  
**Døgnvakt!**

# STØTT KYRKJEBLADET!

Det kostar å drive "Kyrkjeblad for Nord-Fron".

Kontingenten er no kr. 150,- for 5 nummer (fyldig dobbelnummer til jul).

Betales inn til kontonr.

**2095 49 59768**

Vi har to inntektskjelder:


- *Den frivilljuge kontingenten*
- *Støtte-annonsene (Service-sida)*

Ekstra gåver kjem og godt med. Kyrkjebladet er viktig for arbeidet i kyrkjelydane.

VIPPS NUMMER TIL SOKNERÅDA

**KVIKNE: 137266 • SØDORP: 135692 • KVAM: 113553 • SKÅBU: 115389**

**Takk for di støtte!**  
*Helsing redaksjonen*



**Fredag 9. desember kl. 19:00 tar Ole J. Bekkemellem & The Kingsmen deg med inn i jula på Graceland i Kvam kyrkje.**

**Billettpris kr. 250,-.**

For billetter - ring Nord-Fron kyrkjekontor: 612 16 290.

## Gudstenester i Nord-Fron - jula 2022

	SØDORP	KVAM	KVIKNE	SKÅBU
	<b>Julaftan – familiegudstenester i kyrkjene våre</b>			
Julaftan <b>24. desember</b> Luk 2,1-20	12.00 Sundheim 14.00 Kapellet 16.00 Kyrkja	14.00		12.00  16.00
Juledagen <b>25. desember</b> Joh 1,1-14	11.00 Kyrkja Høgtids-messe. Nattverd		11.00 Høgtidsmesse for Kvikne og Skåbu Nattverd	
2. juledag <b>26. desember</b> (Vi nyttar) Joh 1,1-14		11.00 Høgtidsmesse Nattverd		
Nyårsaftan <b>31. desember</b> Luk 13,6-9	18.00 Kyrkja    Messe ved årsslutt			

## Gudstenester i Nord-Fron 2023

	SØDORP	KVAM	KVIKNE	SKÅBU
Kr.openberringsdag <b>8.januar</b> Matt 2,1–12		11.00 Høgmesse Nattverd		
2.s.i openb.tida <b>15.januar</b> Matt 3,13–17	11.00 Kyrkja Høgmesse. Nattverd			18.00 Vi syng jula ut Skåbukoret m.fl
3.s.i openb.tida <b>22.januar</b> Joh 2,1–11		17.00 Eftasmesse Nattverd	11.00 Høgmesse. Nattverd	
4.s.i openb.tida <b>29.januar</b> Luk 18,35–43	11.00 Kapellet Høgmesse. Nattverd			
Såmannssøndag <b>5.februar</b> Luk 8,4–15	19.00 Kyrkja Bibeldagen Økumenisk gudst	11.00 Høgmesse. Nattverd		
Samefolkets dag <b>6.februar</b> Matt 5,13–16	17.00 Kyrkja Høgmesse. Nattverd			
Kr.forklåringsdag <b>12.februar</b> Matt 17,1–9			19.00 Kveldsmesse Nattverd	11.00 Høgmesse Nattverd
Fastelavenssøndag <b>19.februar</b> Joh 17,20–26	11.30 Sundheim Høgmesse. Nattverd			
Askeonsdag <b>22.februar</b> Matt 6,1–6.16–18		19.00 Fastegudst. Nattverd. Konfirm-antane og		
1.s.i fastetida <b>26.februar</b> Matt 4,1–11	11.00 Kapellet Høgmesse Nattverd.			19.00 Kveldsmesse Nattverd
2.s.i fastetida <b>5.mars</b> Matt 15,21–2			11.00 Friluftsmesse Kviknehøgda	
3.s.i fastetida <b>12.mars</b> Luk 11,14–2	11.00 Kyrkja Høgmesse. Nattverd			
4.s.i fastetida <b>19.mars</b> Joh 11,45–5		11.00 Familiegudst Utd. 6-års-bok		17.00 Familiegudst Utd. 6-års-bok
Maria bodskapsdag <b>26.mars</b> Luk 1,26–3	11.00 Kapellet Familiegudst Utd. 6-års-bok			